

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 8

JULA 1985

39. ÅRGANG



STAMMA

Det er fint å sjå på eit juletre. Det glitrer og lyser. Det er som om det stråler ei stille glede ut frå det.

Men sjå ein gong til på treet. Bak all glitter og stas kan du skimte ei stamme. Det er ho som held det heile oppe. Utan stamma ville treet synke saman til ein meningslaus haug. Slik er det òg med jula. Det er mykje glitter og stas. Men inst inne er det ei stamme. Det er ho som bær det heile. Utan denne stamma vert jula tom og meningslaus.

I ein av salmane våre står det kva som er den inste stamma i jula:

"Guds Sønn er kommet til oss ned
fra høye himmerike
fordi vi ingen råd oss vet
deropp til ham å stige."



Holzschnitt Richard Rother

*
Ein fødsel er alltid eit under. Då Jesus vart fødd, var det eit større under enn noko anna. For kven var det som låg i krubba? Det var Guds Son. Det var vår Gud - og vår bror. Vår redningsmann.

Jula fortel oss at Gud ikkje har gløymt oss. Han nøgde seg ikkje med å sende ein av tenarane sine. Han kom sjølv. Midt inn i ei vond og vanskeleg verd.

Vi makta ikkje på noko vis å strekkje oss opp til han. Men han kom ned til oss.

*
Når nokon bryt beinet i fjellet, kan det stå om livet. Mannen som ligg på fjellhylla er spend: Vil nokon finne meg og berge meg? Men med eit høyrer han eit rop - han er funnen! Då veit han at han er berga. Han veit det, jamvel om sjølv berginga står att. For bergingsmannskapet er kome.

Då Jesus vart fødd, lydde lovsongen. Sjølv redningsaksjonen stod att: Korset og den tome grava. Men redningsmannen var komen. Engelen sa det: "I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren."

- ÆRE VERE GUD I DET HØGSTE!

Kjell Arne Norum

Historien til Stamnes og Eidslandet kyrkjer



Kan de hjelpa oss med noko av dette, så ta ein prat med ein av desse:

Nils Myster
Fritjof Dæmring
Astrid Vik
Sigmund Simmenes
Marit Merethe Lunde
Lars Gammersvik
Mons John Stamnes



Som dei fleste på Stamnes og Eidslandet veit, er det ei nemnd i gong med å skriva ei bok om dei to kyrkjene i sokna. Dette vert gjort i samband med at Stamnes kyrkje vert 125 år i 1986.



Arbeidet er alt godt i gong, men endå står det ein god del att. Nemnda treng hjelp frå sambygdingar. Det fyrste de kan gjera for oss, er å rota i gamle bilete og sjå om de finn noko som har med dei to kyrkjene å gjera. Alt er av interesse. Finn de noko, så ta kontakt med ein i nemnda.

Ein annan ting vi treng hjelp til er historiar som er knytte til kyrkjene. Dette gjeld både gode forteljingar på folkemunne og meir historiske fakta.

**Din Bibel
kan bli levende**



Synes du Bibelen virker tung og vanskelig. Vet du ikke hva du skal lese? Prøver du å lese «hele Bibelen», men må gi opp? Blir det helst med «de gode» versene, og lite plan og system?

**Bibelleseringen
kan hjelpe deg!**

Bibelleseplaner med kommentar. «Nøkler» for barn, ungdom og voksne. Skriv etter brosjyre og gratis prøvehefte. Bibelleseringen, Boks 1527 Vika, 0117 OSLO 1. Tlf. 02 - 20 16 14.

Fin salmekveld med Svein Ellingsen i Dale Kyrkje

Med stor forventning reiste eg, og sikkert mange med meg, til Dale kyrkje for å møte og oppleve salmediktaren Svein Ellingsen.


Ein fekk møte han gjennom fin tolking av fleire av hans salmar, og der han sjølv fortalde om den bakgrunn som skapte desse salmane, noko han gjorde på ein måte som gav innlevelse og songane ein verdi, som gjer at dei ikkje lett vert gløymde.

Når ein finn seg sjølv att i dei ymse tolkingar, og kan identifisera seg i dei uttryksformer Svein Ellingsen brukar, dei enkle sterke og personlege, vert salmane

levande. Dei vert til hjelp og trøyst, ja, dei gjev glede, og ikkje minst von, i tunge tider. Det er noko av Guds omsut, -"det skjulte nærvar" av Gud, ein møter i Svein Ellingsens fine og kjenslevare salmar.

So fekk vi vera saman med i fleire fellessongar, med noko av det rike innhald desse har, t.d. "Ditt liv er vårt, vår død er din, du stiger ned til lavest trinn, og deler våre plager, ja, Gud ta oss til ditt hjerte inn, gi at vi varmen fra ditt sinn ut i vår hverdag fører!"

Av medverkande var elles Dale kyrkjeskor, som tolka fint: "Du gode Hellig Ånd fornyer alt", og song av ung-



Eit lite glimt frå ei fullsett Dale kyrkje



domskoret Key, som framførte: "Aldri alene" og "Vær sterk, min sjel, i denne tid."

Vidare var det solosong av Svein Høysæter "I de sene timers stillhet", og duett av Svein Høysæter og Lars Ragnvaldsen: "Vi rekker våre hender frem", begge songane tolka kjenslevart og fint, og det gav ei fin oppleving å vera tilhøyrar også til desse.

Det var godt fram møte i kyrkja, og vi vonar det kan verta fleire salmekveldar i Dale kyrkje.

Takk og til Lars Ragnvaldsen for fine tonar frå orgelet.

Din fred skal aldri vikke,
din miskunn varer ved!
Når stormværet slår imot oss,
lar du oss finne le.
I ensomhetens timer,
i savnets tyngste stund,
forblir du hos oss, Herre,
hvert smertefyllt sekund.

Vær fortsatt ved vår side
når stormen stilner av.
Vær nær oss når vi søker
til våre kjæres grav.
Gi at vi aldri mister
velsignelsen fra dem,
men alltid bærer med oss
det gode de bar frem.

Snart går vi ut av tiden,
og våre navn blir glemt,
men Gud, i din erindring
er vi for evig gjemt.
Det liv som blir til intet
er i din skaperhånd.
I trygghet overgir vi
til deg, o Gud, vår ånd.

Elles er Svein Ellingsen velkommen att. Han er kunstnar, og vi kunne finne fleire ting frå hans hand, som vi kunne få med oss heim om vi ynskte det.

Ein rik og gjevande salmekveld var det, og vi ser fram til å møte mange av Svein Ellingsen sine songar i den nye salmeboka som vi snart kan ta i bruk.

Johanne Stanghelle

Det kimer nå til julefest

Det kimer nå til julefest,
Det kimer for den høye gjest
Som steg til lave hytter ned
Med nyttårsgaver, fryd og fred.

Å, kom nå med til Davids by,
Hvor engler synger under sky.
Å, gå dog med på marken ut,
Hvor hyrder hører nytt fra Gud!

O, la oss gå med stille sinn
Som hyrdene til barnet inn,
Med gledestårer takke Gud
For miskunnhet og nådebud!

O Jesus, verden vid og lang
Til vogge var deg dog for trang,
For ringe om med gull tilredd
Og perlestukket, silkebredd.

Men verdens ære, makt og gull
For deg er bare støv og muld.
I krybben lagt, i kluter svøpt,
Et himmelsk liv du har meg kjøpt.

Så vær, min sjel, nå hjerteglad
Og hold din jul i Davids stad,
Ja, pris din Gud i allen stund
Med liflig sang av hjertens grunn!

Kom, Jesus, vær vår hedersgjest,
Og hold hos oss din julefest!
Da skal ved Davidsharpens klang
Deg takke høyt vår jubelsang.

Grundtvig, 1817

Denne fine julesangen av Grundtvig synes jeg er veldig god, den fyller meg med slik glede, fred og høytid. Jeg synes den så fint understreker hvorfor vi feirer julefest, og hva dette at Jesus ble født betyr for oss.

Vi lever i en verden som lengter etter fred, måtte vi bare se at virkelig FRED er det bare Jesus som kan gi, og ut fra denne freden kan vi få fred mellom mennesker og nasjoner.

Jeg ønsker at vi denne jula kan sette oss ned og lytte til julebudskapet gjennom ord og tone. Bare da kan vi få oppleve innholdet i julefeiringa, og ikke bare rammen omkring.

Da kan vi med Grundtvig si:
"Kom Jesus! Vær vår hyttes gjest!
Hold selv i oss din julefest!"

Elin Selnes Meidell



Her ser vi heile fam. Meidell.
Biletet er teki utafor Vaksdal Kyrkje
på Jon Villys dåpsdag 4. august i år

FARLEG HJELP

- Bibelen seier at vi skal ta oss av dei som lir og hjelpe dei som har det vondt. Derfor kan eg ikkje dra, men må utføre oppdraget frå Herren min. Slik svarar presten Medardo Gomez når han blir spurd om kvifor han, trass i ei rekkje mordtruslar, blir verande i El Salvador.

Medardo Gomez leier den vesle luther- ske kyrkjelyden La Resurreccion i hovudstaden San Salvador. Med sine knappe 300 medlemmer har han i dag 120 heiltidsarbeidarar. Det er legar, sjukepleiarar, sosialarbeidarar og psykologar som gjer ein utrøyteleg innsats blant menneske i flyktningeleirane og i dei fattige bygdesamfunna rundt hovudstaden.

I mange år har El Salvador vore prega av borgarkrig. Mange menneske har måtta gå frå heimane sine. Somme har fått tak over hovudet i dei flyktningeleirane som La Resurrec-



cion driv. Den siste tida har situasjonen vorte meir tilspissa, både her og i nabolandet Guatemala. Begge stader spelar kyrkjene og dei kristne ei viktig rolle i arbeidet for å verne menneske mot overgrep. Gjennom Kirkens Nødhjelp har det vorte gitt ei ikkje lita støtte til det arbeidet som Medardo Gomez og medarbeidarane hans gjer. Pengar er viktig, men for dei er det også viktig å vite at andre kristne står saman med dei. Hugs derfor på Medardo Gomez og andre som arbeider for fred og rettferd i Mellom-Amerika, denne jula.



Denne vesle jenta i ein av dei mange flyktningeleirane i El Salvador har fått ei ny framtid takka vere det hjelpearbeidet som La Resurreccion driv. Eit hjelpearbeid som er forbunde med store farar. Fleire gonger er leiaren Medardo Gomez blitt truga på livet.

EIN LAURDAGSKVELD MED KEY

Det var med stor spaning og glede vi møtte opp til fest i Stanghelle bedehus laurdag 16. november. Ungdomskoret "KEY" inviterte foreldra til fest med koldt-bord og ymse program, og etter det vi skjønna, låg det store førebuingar bak. Frå tidleg på førmiddagen hadde ungdomane vore i sving med matlaging og pynting.


Etter kvart fyltest salen med foreldre og ungdom. Det var laga til koselege småbord. Den entusiastiske og glade leiaren Norodd Dyrhovden ønskte velkomen og knytte sidan heile programmet saman på ein framifrå måte. For å få opp stemninga, og for at foreldra ikkje skulle sakna TV-skjermen ein laurdagskveld, presenterte dei ein sjølv laga video der det gjennom ein del intervju med mange "personar" vart spurt om kva folk visste om "KEY". Det var ikkje fritt for at dette innslaget fekk fram både smilet og låtten, for makan til skodespelarar skal ein leita lenge etter. Det synt seg og seinare i programmet med fleire morosame sketsjar.

Sokneprest Inge Chr. Meidell heldt andakt og tala om gleda i Kristus. Og at desse ungdomane har fått del i denne gleda, det gav dei uttrykk for mellom anna gjennom fin korsong. Det er herleg å vera saman med slik fin ungdom og sjå korleis dei kan sameina sunn livsglede og kristen tru. Det er lov å ha det moro og gøy som kristen.

Den store overraskinga på festen var koldt-bordet. Det vil seia at noko bord var det ikkje, men ein grønmåla kano full av dei herlegaste matrettar så flott tillaga at ein skulle tru det var "proffar" som stod bak. Varme rettar var det og, og etterpå var det blaute kaker til dessert. Som Norodd stadig oppmoda til, så forsynte vi oss opptil fleire gonger. Mange byta og på plassane, slik at ein hadde høve til å bli kjent med folk.

Sidan var det ymse slag underhaldning, morosame småstubbar, sketsjar, "Ferkø-blues", bordkonkurransar og mimekonkurranse der foreldrelaget vann over ungdomane.

Den nye res.kap., Kjell Arne Norum, var og med på festen, og han kom med ei helsing utpå kvelden. Han fortalte at han ein snau halvtime før toget hans gjekk frå Bodø, var han innom Ten-Sing-koret der for å ta farvel., og fyrste dagen han var på Vaksdal, var han innom på korvinga til "Fides" for å helsa på dei.



Det var høve til å seia nokon ord for dei som ønskte det. Odd Alvheim som sjølv gjer eit stort arbeid for dei unge, særleg på Fagertun, kom med ei helsing. Han syntest at Starnes og Vaksdal var kome godt i veg med ungdomsarbeid, medan det på Dale og Stanghelle er vanskeleg å få noko til. Ei av foreldra sa at ho var glad for at det var kome ein leiar utanfor kommunen som hadde klart å samla ungdomar frå så mange stader innfor kommunen.

Vi var nok fleire som skulle hatt hug til å seia noko, men det er ikkje alltid ein får det til slik ein ynskjer. Men det at så mange foreldre tok i mot innbydinga og møtte fram denne laurdagskvelden, var vel og eit teikn på at vi er glade for at borna våre er med i eit kristent ungdomsmiljø. Der kan vi vera trygge for dei. Vi veit at det kostar både tid og krefter av dei vaksne leiarane til øvingar og ulike arrangement der koret stiller opp. Takk til dykk alle for det! De vil nok sjå at det kjem til å veksa og gro det arbeidet de legg ned her. Eit vitnemål om kva dette kristne ungdomsmiljøet har hatt å seia, gav Per eit sterkt uttrykk for. Han fortalte om korleis møtet med evangeliet om Jesus Kristus blei til eit vendepunkt i livet hans. Han var så glad for den varme og omsorg han var blitt møtt med i koret. Det hadde hatt enormt mykje å seia for han. Det glade frimod han stod fram med, gav orda hans tyngde og verdi.

Koret hadde ei avdeling med song på slutten. La desse versa samla dei inntrykk vi satt att med. Takk for ein fin kveld.

Reidun Takvam



Jeg vil gi deg, å Herre, min lovsang,
jeg vil takke deg med mine ord,
for din nåde som er uten grenser,
og for godhet og kjærlighet stor

Refr.: Jeg vil gjøre mitt liv til en lovsang
for deg, la hver tone en hyllest til
deg være, og i dager med glede og dager
med sorg vil jeg leve hver dag til
din ære.



BARNESIDE



EI STOR GLEDE!






Du hugsar sikkert gjætarane som var ute på marka og passa på sauene julenatta. Plutseleg kom det ein engel til dei. Då vart dei svært reddø, men engelen sa: "Ver ikkje redde!" Han hadde ei gledeleg melding til dei. "Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede." Kva var så denne store glede? Den store gleda var Jesus.


Engelen fortalde meir. "I dag er det fødd dykk ein Frelsar i Davids by. Han er Kristus, Herren."

Kvifor var det ei gledeleg melding at Jesus var fødd? Jau, Jesusbarnet var Guds Son, verda sin Frelsar. Jesus kom for å frelsa oss frå syndene våre. No var han fødd han som kunne ordna det slik at kvar den som trur på Han, ikkje skal forta past, men ha evigt liv. Det er derfor Jesus er jula si store glede. "I dag er det fødd dykk ein Frelsar". Det er den største gledesbodskapen som har lydt over jord.



KRYSSORD

1. 
2. 
3. 
4. 
5. 



Greier du å finna svaret på kryssordet?

Teikningane kan du fargeleggja.

Lukke til!

SÅ ØNSKJER EG ALLE
EI RIKTIG GOD JUL!

Reidun
Skurtveit.

Konfirmantane og gudstenesta

Dei som går i kyrkja, har nok sett eit godt innslag av konfirmantar i den siste tida. Det har samanheng med ei ordning som er blitt meir og meir vanleg over heile landet. Nemleg at konfirmantane skal møte til eit visst antal gudstenester i konfirmasjonstida si.

Vi har bede dei møte til 8 gudstenester. Då er konfirmasjonsdagen rekna med, og likeeins presentasjonen for kyrkjelyden. Med andre ord 6 gudstenester i tillegg til desse særskilde samlingane. Dette talet samsvarer med dei planane for konfirmasjonsførebuinga som er kome som forslag frå sentralt kyrkjeleg hold.

JULEFESTAR

~~~~~

Av di førjulstida er særst travelt for alle, også trykkeriet og postverket, må dette nummeret av kyrkjebladet trykkjast tidleg. Julehøgtida skal feirast på mange måtar kringom i prestegjeldet vårt. Vi har kanhende ikkje fått tak i alle opplysingar, men dette skulle i alle fall vera dei fleste av dei julefestane som vert haldne denne jula. Så får de sjå etter oppslag med endelege opplysingar.

Stanghelle bedehus:

27. des.: Søndagsskulefest kl 16.30

28. des.: Indremisjonens julefest



I gudstenesta samlast kyrkjelyden for å tilbe Gud. Det er rimeleg at konfirmantane vert godt kjende med kva som skjer her. Konfirmantførebuinga er ikkje berre teori. Det er møte med ein levande frelsar. Og det er òg eit møte med ein levande kyrkjelyd!

Difor gjeld det òg at vi som går i kyrkja, tar vel imot konfirmantane. Hugs at dei ikkje berre er prestens konfirmantar. Dei er kyrkjelydens!

KANO

Vaksdal bedehus:

27. des.: Søndagsskulefest kl 17.00

I romjula eller først på nyåret: eldrefest

På nyåret: Ungdomsfest

Eksingedalen:

27. des.: Julefest på Bergo skule kl. 13.00

Bergsdalen:

28. des.: Julefest i kyrkjesalen kl 13.00

Straume:

28. des.: Søndagsskulefest om ettermiddagen

Stamnes:

29. des.: Søndagsskulefest kl 17.00

Dale bedehus:

5. jan.: Indremisjonens julefest om ettermiddagen

# KJELL ARNE NORUM PÅ Plass

17. november var ein stor dag på Vaksdal, ja for heile prestegjeldet vårt. Då vart Kjell Arne Norum innsett som res. kap. i Vaksdal prestegjeld.

Han hadde komi hit nokre dagar tidlegare og brukt mykje av tida si på å gå rundt og gjera seg kjend med staden her og folket. Så for dei fleste av dei framømte i kyrkja var nok ikkje andletet hans heilt ukjend.



Gudstenesta tok til med at prost Augun Østtveit, sokneprest Inge Chr. Meidell og res. kap. Kjell Arne Norum kom i prosesjon opp midtgangen i kyrkja medan organist Thor Michelsen spelte preludiet. Prosten gjekk for altaret, medan kyrkjelyden song den fyrste salmen: "Med kall fra Gud og Kirken blir nye prester sendt". Så kom prost Østtveit og res. kap. Norum fram i kordøra. Østtveit las



kollas frå biskopen og tok Norum i handa. Deretter bar prosten fram ei helsing knytta til Joh. 15,16, til den nye presten vår.

Så gjekk Norum for altaret. Inge Chr. Meidell las tekstane for dagen. Dagens preiketekst var frå

Joh. 5,24-29. Det sentrale i Kjell Arne Norum si preike var: "Korleis får vi evig liv? -Ved å høyra Jesu ord slik at trua kan verta til i hjarta våre".

Både ungdomskoret FIDES og kyrkjekor- et var møtt fram for å ynskja nye- presten velkomen med songen sin.

Retten etter postludiet tok soknerådsformann Olav Steinsbø ordet og ynskta Norum velkomen til Vaksdal og lukke til i tenesta. Steinsbø baud også inn til kyrkjekaffi. Og størstedelen av dei omlag 160 framømte hadde høve til å stansa igjen for å helsa på nyepresten og få ein liten prat over kaffikoppen.

Det var gildt å sjå at så mange kom til denne høgmessa, også mange frå andre kyrkjelydar enn Vaksdal. Vi vonar at Kjell Arne Norum fekk føla at alle desse ville vera med på å ynskja han velkomen til Vaksdal og Guds signing i tenesta her.

ToMaN



Tomas 21/12, solkvervsdagen 22/12, juledag og nyårsdag på ein primstav frå Telemark, datert 1707. Norsk Folkemuseum 247-95.

## APROPOS JULEBADET

Mange av juletradisjonane og like-  
eins juleførebingane våre har røt-  
ter langt tilbake i tida. Ølbrygg-  
ing, matlaging og reingjering har  
gjennom hundreår vori dei viktig-  
aste syslane i tida før jul.

Men dei gamle var nok endå meir  
opptekne av at det skulle vera skil-  
nad på kvardag og fest, enn vi er.  
Frå mange stader i Noreg høyrer vi  
at folk gjekk ekstra uvaska og kan-  
hende jamvel fillute den siste tida  
før jul. Frå Oppdal er det fortalt  
at ein skulle "gang ti di semplast  
og fillotast en ått og ha". Og nam-  
net "skittensøndag" kan ein enno  
høyra som nemning for siste søndag  
før jul. Dette heng saman med at  
desse siste dagane før høgtida skul-  
le ein ta den store husavasken. Alt  
skulle vera reint til festen, - og  
aller sist skulle ein vaska seg  
sjølv.

Mykje rart er fortalt om julebadet.  
Men det som går att alle plassar, er  
at alle skulle lauge seg til jul og  
så ta på seg reine klede. Nokre

stader heiter det berre at ein vas-  
ka seg noko grundigare enn elles i  
året. Men det vanlegaste var eit  
skikkeleg bad. Men vi vil truleg  
smila litt over det viset badinga  
gjekk føre seg på. Frå Østerdalen:  
"Fyrst lauga mannen seg, so kjer-  
ringa, so borna og so tenarane,  
karane fyrst" - vel og merka: alle i  
same vatnet! Ei noko annleis rekke-  
følgje er det fortalt om frå Modalen  
for omlag 80 år sidan. Mykje vatn  
vart varma opp i skorsteinen, og "så  
gjekk laugingi etter tur. Dei minste  
og yngste fyrst, og dei vaksne til  
sist."

- Så når du går under dusjen eller  
legg deg i eit velluktande og skum-  
mande karbad veslejulafan, står du  
i ein god, gamal tradisjon.

*Godt bad!*

*Tove Margrete*

## Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:  
Inge Christian Meidell  
tlf. 596120  
Res. kap.:  
Kjell Arne Norum  
tlf. 597088  
Hugs måndagen er presten sin  
fridag!  
Kontorassistenten kan treffast  
på kontoret på Dale måndagar  
kl 18-22, tlf. 596120.

## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE



VAKSDAL

20.10. Hanne Jacobsen Erstad

### Vigde



26.10. Steinar Nese og  
Gurid Næss i Nesheim  
Kyrkje.

### AVLIDNE



DALE

25.09. Ågot Stokke f.1915  
09.10. Kristi Fotland f.1893  
13.11. Odd Solberg f.1914

EIDSLAND

09.10. Johannes Møster f.1913

## VELKOMEN TIL KYRKJE

22.des. - 4.sundag i advent

STANGHELLE kl.11.00. fam.gudst.  
v/so.Meidell.  
NESHEIM kl.11.00. Gudst./kons.  
v/rk.Norum.

24.des. - JULAFTAN

DALE kl.15.00. og kl.16.00.  
fam.gudst.v/sp.Meidell.Dale og  
Stanghelle skulekorps. Barnekoret  
Offer til Dale og Stanghelle sun-  
dagsskular. Kyrkjestyss.  
VAKSDAL kl.16.00. FAM:GUDST:V/rk.  
Norum.Offer til Vaksdal søndagssk  
STAMNES kl.13.00. Fam.gudst.v/sp.  
Meidell.Offer til ev.katastrofe-  
hjelp. Kyrkjestyss.  
EKSINGEDALEN kl.11.00. fam.gudst.  
v/rk.Norum.Offer til Kirkens  
Nødhjelp.

25.des. - 1.juledag

DALE kl.11.00. Høgtidsgudst.v/sp.  
Meidell. Dale mannskor. Offer til  
Menighetsfak. Musikk frå kyrkje-  
tårnet. Kyrkjestyss.  
VAKSDAL kl.11.00. Høgtidsgudst.v/  
rk.Norum. Vaksdal kyrkjekor.  
Offer til Det norske misjonsselskap

26.des. - 2.juledag.

STAMNES kl.11.00. Høgtidsgudst.  
v/rk.Norum. Offer til Santalmisj.  
Kyrkjestyss.  
BERGSDALEN kl.11.00. Høgtidsgudst.  
v/sp.Meidell. Offer til Menighets-  
fakultetet.  
NESHEIM kl.16.00. V/rk.Norum.  
Offer til Santalmisjonen.

29.des. - søndag etter jul

EIDSLAND kl.11.00. V/sp.Meidell.  
Offer til Det norske misjonsselskap.  
forts.siste side.



Velkomen til kyrkje forts.

31. des. -nyårsaftan.

DALE kl.23.15. v/sp.Meidell

VAKSDAL kl.23.15.V/rk.Norum

EKSINGEDALEN kl.11.00.Fam.gudst.  
v/sp.Meidell.Utdeling av Mi kyr-  
kjebiok til dei som vart 4 år i  
1985.

1. jan. - Nyårsdag.

STAMNES kl.11.00.V/sp.Meidell.

Nattverd. Kyrkjeskys.

BERGSDALEN kl.11.00.V/rk.Norum

Nattverd.

2.feb. - Kristi forklåringsdag.

DALE kl.11.00. Fam.gudst.v/sp.

Meidell.Utdeling av Godt Nytt til  
4.klassingane på Dale og Stanghelle

EIDSLAND kl.11.00.V/rk.Norum!

5. jan. - Kristi Openberringsdag

EKSINGEDALEN kl.11.00. Velkomst  
for rk.Norum. Nattverd.

DALE kl.19.00.V/rk.Norum.

nattverd.

9.feb. - Fastelavenssundag

STAMNES kl.11.00. Fam.gudst.v/sp

Meidell.Utdeling av Vi går i kyr-  
kja" til fyrste klasse.

NESHEIM kl.11.00. V/rk.Norum

12. jan. - 1.s.etter Kr.op.ber.

VAKSDAL kl.11.00. V/sp.Meidell

Nattverd.

EIDSLAND kl.11.00.Velkomst for  
rk.Norum. Nattverd.

16.feb. - 1.sundag i faste.

DALE kl.11.00.V/rk.Norum.

Nattverd.

BAKSDAL kl.11.00.V/sp.Meidell

Nattverd.

19. jan.Vingardssundagen.

STAMNES kl.11.00. V/rk NORum

NESHEIM kl.11.00.v/sp.Meidell

Nattverd.

DALE kl.19.00.Ungdomsgudst.v/  
sp.Meidell og ungd.sekr.Juul  
Hansen.

23.feb. - 2.sundag i faste.

BERGSDALEN kl.11.00v/rk. Norum.

Nattverd.

EIDSLANDET kl.17.00.V/rk.Norum

Nattverd.

26. jan.- Sámannssundagen.

VAKSDAL kl.11.00. V/rk.Norum.

Bergsdalen kl.16.00.v/rk.Norum

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, 5270 Vaksdal

Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13 117

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 35,- (eller meir!)

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese. Tlf. 05-555045

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese